



Pressemelding

STATSMINISTERENS KONTOR

Statssekretær Øystein Singaas
Informasjonssjef Øivind Østang
Postboks 8001 Dep, 0030 OSLO

Telefon ktr.: 22 34 40 06
Telefon ktr.: 22 34 40 37
Telefaks: 22 34 95 00

Telefon priv. : 22 28 68 80
Telefon priv. : 22 22 28 01

SPERREFRIST: Ingen

DATO: 2. desember 1994

PRIV. TIL RED.: STATSMINISTERENS PROGRAM FRAMOVER

Frå søndag 4. til tysdag 6. desember er statsministeren i Budapest, i samband med toppmøtet i Konferansen for tryggleik og samarbeid i Europa (KSSE). Pressekontakt er statssekretær Øystein Singaas. Vi viser òg til ambassaden i Budapest, telefon 095 36 1 155 1729. Følgjet bur på Atrium Hyatt Hotel, telefon 095 36 1 266 1234 - telefaks 095 36 1 266 9101. Det norske delegasjonssekretariatet er på Hotel Novotel, telefon og telefaks 095 36 1 266 8224.

Sundag 4. desember kl. 19.30 møter statsministeren den ungarske statsministeren, Gyla Horn, i Parlamentet i Budapest.

Mandag 5. desember deltek statsministeren i KSSE-møtet, i Budapest Convention Centre, frå kl. 09.00. Kl. 13.30 held statsminister Horn arbeidslunsj for KSSE-møtet, på Hilton Hotel, og kl. 19.30 er den ungarske presidenten vert under ein middag i Parlamentet.

Tysdag 6. desember er statsministeren med i KSSE-toppmøtet frå kl. 09.00. Ho er attende i Oslo i løpet av ettermiddagen, for å vere med på Arbeiderpartiet sin fagleg-politiske konferanse, på Rica Oslofjord Hotell.

Onsdag 7. desember er statsministeren med på den fagleg-politiske konferansen fram til ca. kl. 13.00. Om ettermiddagen reiser ho til i Essen i Tyskland, i høve eit møte i Det europeiske sosialdemokratiske partiet. Møtet vert halde i Villa Hügel, i Hügel 15 i Essen, telefon 095 49 201 188 4823 - telefaks 095 49 201 42 10 48.

Torsdag 8. desember er statsministeren med i det sosialdemokratiske møtet frå kl. 09.00. Kl. 11.30 vert det markert at Jacques Delors no gjeng av som formann i Europakommisjonen. Møtet vert avslutta med pressekonferanse kl. 12.15. Statsministeren er attende i Oslo same ettermiddag.

Laurdag 10. desember kl. 17.00 er statsministeren til stades under utdelinga av Nobels fredspris, og på Nobelkomitéen sin bankett kl. 20.00.

Sundag 11. desember om føremiddagen møter statsministeren fredsprisvinnarane, på Grand Hotell. Det er høve til å fotografere. Kl. 13.00 er statsministeren vert under Regjeringa sin lunsj for fredsprisvinnarane, på Akershus slott. For detaljar i presseprogrammet i høve Nobelutdelinga, viser vi til Utanriksdepartementet sitt pressekontor.